



KVEN SKAL LÆRE HAN IVAR Å LESA?

MED **RUT TELLESEN**

PIANO **TOR SPEN ASPAAS**

MANUS **RUT TELLESEN**

MUSIKK **LUDVIG M. LINDEMAN, EDVARD GRIEG,**

HALFDAN KJERULF OG M. M. ULFRSTAD

**DET
NORSKE
TEATRET**

**100
AR**

KVEN SKAL LÆRE HAN IVAR Å LESA?

Vi har eit ordspråk frå dansk som seier at «beskjedenhet er en dyd». Omsett til Aasen-målet kan vi seie at å vera smålåten er ei dygd. Eg trur ikkje at ordtaket kunne vinne førsteprisen i ein popularitetskonkurranse i våre hesblesande dagar! Og som skodespelar kjem du vel og lengst utan den kunnskapen.

Men skal du snakke om Ivar Aasen, kjem du ikkje utanom det ordet, for han var smålåten. Og då fell du lett utav fokus og inn i gløymsla. «Det vesle vetet det rekk ikkje langt. Ei tru må stydja oppunde» og «dersom ikkje lærde menn som Lyder Sagen og professor P. A. Munch hadde hjelpt Aasen til å få pengar av Staten, ville han framleis ha gjett geiter og plukka blomar på Søndmør» sa den gode venen og kampfellen Vinje om han. Men Vinje var no og viden kjend som ein retteleg spottegauk.

Han var ikkje utan humor den gode Aasen heller, og det skal du få høyre meir om når vi kjem igang med å fortelje kven som skulle lære han Ivar å lese!

Det har tatt meg nokre år å få saume ihop dette opuset mitt om han Ivar. Han har vorte meg inderleg kjær, og den kjærleiken vonar eg skal smitte over på mitt publikum.

Du får møte han som ein nyfiken smågut i Ørsta og kan følgje han på livsvegen både som diktar og språkforskar, og vi har ikkje gløymt songane som du skal få vere med å syngje!

Det heile er meint som ei gåve til det jubilerande Norske Teatret der eg trødde mine barnesko som skodespelar, og som ei gåve til Ivar Aasen i høve 200års-dagen – eit edelt menneske og ein stor språkforskar!

Ver velkomne,
Rut

MELLOM BAKKAR OG BERG

Mellom bakkar og berg utmed havet
Heve nordmannen fenge sin heim,
der han sjølv heve tuftene grave
og sett sjølv sine hus oppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender;
det var ingen som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss grender,
Og so eiga me rudningen trygt.»

Han såg ut på det bårute havet,
der var ruskut å leggja utpå,
men der leikade fisk ned i kavet,
og den leiken, den ville han sjå.

Fram på vetteren stundom han tenkte:
«Gjev eg var i eit varmare land!»
Men når vårsol i bakkane blenkte,
fekk han hug til si heimlege strand.

Og når liene grønkar som hagar,
når det lavar av blommar på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kan han ingen stad venare sjå.

IVAR AASEN SYMRA, 1875

MELODI **LUDVIG M. LINDEMAN**, 1871

DEI GAMLE FJELL

Dei gamle fjell i syningom er alltid eins å sjå,
Med same gamle bryningom og same toppom på.
I bygdom byggja sveinane, og huset stender laust;
men dei gamle merkesteinane, dei standa like traust.

Av hav kom sjømann sigande og lengta etter land;
då såg han fjelli stigande og kjendest ved si strand.
Då kom det mod i gutane, som såg sin fødestad;
Ja, dei gode, gamle nutane, dei gjera hugen glad.

IVAR AASEN

TYTEBÆRET

Tytebæret oppå tuva voks utav ei liti von.
Skogen med si grøne huva fostrar mang ein raudleitt son
Ein gong seint om hausten lagde liten svein til bærskogs ut.
«Raudt eg lyser,» bæret sagde, «kom åt meg, du vesle gut.»

Her i frå du må meg taka, moge bær er utan ro
Mal meg sundt, at du kan smaka svaledrykken av mitt blod
Mognar du, så vil du beda just den same bøn som eg.
Mogen mann det mest må gleda, burt for folk å gjeva seg.

A. O. VINJE

TIL LAGS ÅT ALLE

Til lags åt alle kann ingen gjera;
det er no gamalt og vil so vera.
Eg tykkjer støtt at det høver best
å hjelpa den som det trengjer mest.

IVAR AASEN

RUT TELLEFSEN, som starta karrieren sin som skodespelar på Det Norske Teateret i 1956, har skrivne *Kven skal lære han Ivar å lesa?* som ei gåve til teateret som fyller 100 år i år. Stykket er eit resultat av kjærleiken Tellefsen har til Ivar Aasen, inspirasjonskjelder har vore Anders Hovden og Stephen J. Walton. Ho har tråla mangt eit bibliotek på jakt etter brev og dagbøker for å fortelje si eiga historie om Ivar Aasen.

Rut Tellefsen har også vore knytt til Fjernsynsteatret, Oslo Nye Teater og Nationaltheatret der ho var fast tilsett fram til 2002. Og ho var den drivande krafta i opprettinga av Telemark Teater, no Teater Ibsen.

Rut Tellefsen har grunnfesta sitt ry som ein leiande scenekunstnar i ei rekkje store roller i norsk og utanlandsk dramatik, mellom anna har ho tolka tittelroller som Kristin Lavransdatter og Sarah Bernhard.

TOR ESPEN ASPAAS (1971) er ein av dei mest profilerte pianistane og musikkformidlarane i sin generasjon av norske musikarar. Han vart professor i 2006 - ein av dei yngste i landet - ved Norges musikkhøgskole der han ved sida av pianoundervisinga gjer eit forskingsprosjekt på improvisasjonen si rolle i Beethoven sine kreative prosessar og verk.
www.nmh.no

Ved sida av konsertar og verdsomspennande turnéar er han jamnleg engasjert ved norske og internasjonale festivalar og seriar. I mars 2013 fekk han sin USA-debut med en solorecital i Carnegie Hall, New York.
www.pianisten.no